# Referat 18.05.2021 KKL

| | | | |
|---|---|---|---|
| **Dok. ref.:** | 20/11345-87 | **Møtedato/ Tid:** | 18.05.2021 09:00 |
| **Stad:** | Øygarden rådhus og Microsoft Teams | **Møtenr.:** | |
| **Referent:** | Thomas Bekkenes | | |
| **Til stades:** | Tom Georg Indrevik, Rune Lid, June Johannesen, Vigleik Brekke, Grethe Bergsvik, Jens Even Eikås | | |
| **På Teams:** | Line Barmen, Tove Helleland, Rune Landro, Stein Inge Stigen, Sissel Irene Nesse, Anne.Merete Vabø Haugane, Anne Erdal | | |

## SAKSLISTE

| Punkt til behandling | Beskriving/status/oppfølging | Konklusjon |
|---|---|---|
| **Endra vaksinestrategi** | Kraftig reduksjon i antall dosar som leverast til kommunen. | KKL er kjend med at regjeringa vurderer endra vaksinestrategi. Dette medfører store konsekvensar oss ved at kommunen får vesentleg reduksjon i vaksinedosar i mai og juni og kraftig auke i veke 29 til 31.<br><br>Dette kjem i tillegg til allereie stor vaksinasjonsmengde på denne tida (juli(august). Dette kombinert med ferieavvikling og dermed redusert tilgjengeleg mannskap for å gjennomføra vaksineringa, vil gjera det svært vanskeleg å gjennomføra vaksinasjonen.<br><br>Det er forventa også at mange som vert kalla inn til vaksinering, ikkje møter opp i ferietida. Av den grunn meiner den kommunale kriseleiinga i Øygarden at den varsla endra vaksinestrategien absolutt ikkje bør gjennomførast. |